

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Egge.

Emne: Bordskikk til hverdags

Bygdelag:

Oppskr. av: Sverre Aune

Gard:

(adresse): Svene pr. Steinkjer.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *noke eiga røynsle*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Ein del høyrde av andre, eldre folk.

SVAR

I eldre tider og for det meste nå, lages ein mat og et i same rummet.

- 1) Alle sat ved bordet ved måltidene.
- 2) Heile huslyden sat ved same bordet, det er vanleg nå og.
- 3) Alle spiser ved same tid og på kjøkkenet.
- 4) Det er ingen skilnad på maten til husbondsfolk og tenere.
- 5) Det er mest vanleg at huslyden et på kjøkkenet.

6) Berre ved høgtidshelgene et ein i stua. Somme stader hadde dei måltida i stua vinters tid. Det kom av at kjøkkenet var kaldare. Før var det einkilde stader, på store gardar at husbondsfolket fekk maten på stua og tenere på kjøkkenet. Det var alltid brukt der ~~husbonds~~ eigars av garden var ~~embetsmann~~ embetsmann.

- 7) Det var og er mest vanleg at alle har faste plassar ved bordet. På ein gard var det skikken at husbonden sat ved øvre enden av bordet. På sine sida sat kona nærmast han på andre sida

2

elste sønn. Andre søner sat så etter alderen ved denne rida. Nærmast kona sat elste dattera og dei andre etter alderen nedover. Var det tilfeldige eldre arbeidsfolk ved bordet vart dei plassert nærmast husbonden.

8) Eg veit ikkje om det har vori skikk at barna skulle stå attmed bordet, når dei fekk mat. Men det er mykje truleg det har vori slik eingang for lenge sia, for da eg var liten høyrde ofte sagt at barn skulle stå attmed bordet å eta for da vaks dei fortare. Det same vart sagt til folk som no er omkring 80 år da dei var barn. Men det vart berre sagt, ikkje praktisert.

9) Nei det er ikkje noka særskilt namn på husbondsplassen attmed bordet.

10) Her har ein ikkje lenger noka særskilt hedersplass i stua.

11) Det var så ymse med det. Star skildna på folk sålis. Somme vaska hendene før dei gjekk til bords, somme nesten aldri. Somme stader var dei nok så ureinsle slik enda i tida fram til 1920. Nå er det vanleg skikk å vaske hendene og mange ganger andete og før ein tek til med maten.

Så langt ein minnst var det bråkeleg at mannfolka tok av seg lina eller hatten for dei sette seg til matbordet.

Men den eine av aldefedrene mine tok aldri av seg lina anna enn når han les bordbåna før og etter maten. Med han ått hadde han lina på.

12) Ja, grønt og suppe vart eti av

same fatet. Og til grønten hadde dei same melkekopp, ein stor kamme. Å eta grønt og suppe av same fatet vart det slutt med i 1890-åra. Men ei tid før vart det vanleg at kvar fekk sin melkekopp til grønten. Ein brukte da små kammer. Før var det brukelig å ta grønt i skeia og dyppe ned i melkekoppen. Nå drikk ein direkte av kappen. Når dei hadde såkalla løvmat, brød og kaker hadde dei kvar sin drikkekopp. Men det var nok kaffedrikkinga som gjorde mest til at kvar sin drikkekopp.

13) Å sette gryta direkte på bordet har ikkje vari brukt det folk nå minnst. Til kvardags vart ikkje gjort nokon stilnad på serveringa om det var tilfeldige framande tilstades.

14) Å laga "betta" (samme sa: "bättå" var alltid brukelig før i tida. Ein tok eit flatbrødstykke la fisk, sild, kjøtt eller fleisk på brødet og potet og så eit flatbrødstykke over

15) Å ta sukkerbiten i munn og drikke kaffe til er vanleg skikk.

16) Å drikke kaffe av skåla er ikkje god bordskikk nå, men før var det svært fint

17) Når gaffelen kom i bruk kan ein ikkje seia for sikkert, men han var ikkje vanleg i bruk omkring 1880.

18) At mennene brukte tallekniven ved bordet, minnst folk ikkje nå.

19) Ja kvar hadde si skei. Dei hadde ikkje namn i skeiene, men eit

4
eller anna merke. Det er sagt at dei sette skeia i sprikker i tømmerveggen att- med der dei sat tilbords. Men det er sikkert lenge sia, for gamle folk minnerst anna enn at skiene vart vaska etter kvart måltid. Skeiene var laga av horn. Seinare vart det blikkskerier. Dei hadde og sølvskerier, men dei var mest til star, brukt berre i verenskap eller når det kom riktig storframande.

20) I gamal tid vart brukt tretallerkenar. Disse vart ~~brukt~~ somme stader brukt til spekerild så reint som fram til 1910. Elles var krüstytallerkenar vori i bruk så lenge og lenger enn gamle folk nå minner. Da ein slutta med sans grautfat, gikk ein over til å bruke djupe tallerkenar.

21) Frå gammalt av var det ikkje vanleg å bruke bordduk. Nå er det vanleg. Det kom meir og meir på bruk etter 1910. Duker ligg på bordet mellom måltidene.

22) Det er vaksduk som brukes til kjøkkenbordet.

23) Får var det mest vanleg at maten vart skifta.

24) Mest all slags mat vart skifta, men ikkje flatbrød^{av} det fekk alle eta så mykje dei ville.

25) Til barn var det gjersast mindre passjonar enn til vaksne og like eins mindre passjonar til dei fleiste kvinner.

26) Eins kan ikkje sia noka sikkert om kor tidleg barna fekk farsyne seg sjøl og kor gamle dei er før dei hjelper seg

själ ved matbordet. Det er stor skilnad på det. Men barna får hjelpe seg själ nye tidlegare nå enn før. Når småbarna fekk hjelp, var det for det meste mora som hjelpte dei, men samtid eldre sysken eller faren.

27) Ja før var det vanleg å tygge maten til småbarna.

28) Før var det brúkeleg å lesa bøn før og etter maten. Til kvardags las dei stille.

Julehulden var det vanleg at ein les bordbøna høgt. Somme stader var det den eldste, helst bestefar som les, somme stader eit av barna. Denne skikken er vanleg ennå i dei fleiste heimar her. Men å lesa stille før og etter maten til kvardags er for det aller meste kome av bruk. Skikken har kome bort litt etter kvart.

29) Går det var lov å snakke med ein fekk seg mat. Før var det helst husbonden som innleia samtalen. Men nå gjer hven som helst det.

30) Ein hadde lov til å le attmed bordet dersum samtalen var om noka mora-samt. Men å sitja knise og le til ingenting slikt barna kunne finne på samtid var ikkje lovleg.

31) Ein måtte ikkje finne på å syngja attmed bordet. Her eit ordtak om det: "Kall'n vest itj at kjerringa va' tullåt, førend ho sang attmed bordet julekvell'n"

32) Til kvardags var det ikkje slikt at ein måtte sitja tilbords til alle var ferdige med maten.

33) Å takke for maten er lite brúkeleg

34) Når det kom framand med ein sat

6
til bords, sa han: „Velsign maten“. Nå reier
mange: „Vel bekomme“.

36) Somtid når framand kjem til gards
mellom måltidene blir det laga til mat
til han. Det er elles stor skilnad, det spørs
om det er gjestfrie eller mindre gjestfrie
folk den framande kjem til.

37) Noka ekstra traktement skulle ikkje
ein slik gjest ha.

35) Kom det ein framand med gardsfolket
sat til bords, var det som aftast slik at
han og skulle sette seg til bords og få mat.
Det kom elles mykje an på kor gjestfrie
husbandsfolket var.

38) For det aller meste skulle det skjenkast
kaffe til den som kom. For var det
elles mykje vanleg dei skjenka ein dram
istaden for kaffe. Og for var det mange
som brukte ha kaffekjelen på ovnen
heile dagen.

39) Ein framand gjest skulle helst få mat
på stua. Det var da vanleg at husfaren
sat til bords saman med gjester.

40) For var det fint det å lata seg nøyda
til å forsyne seg når ein var gjest. Nå er
det ikkje slik.

41) Dersom gjesten sit aleine og et skal
helst husfaren eller husmoren vera tilstades
å underhalda gjesten. Han ~~skulle~~ eller ha
sette seg da eit stykke frå bordet og sendt
mat gjesten.

5477

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING